

Styremøte Ål stibyggerlag 14. Desember 2021

Tilstades: Knut, Eirik, Agnete, Torleiv, Christina, Svein, Magnus

Fråfall: Bjørn Herbrand, Gunhild, Sandra, Vidar og Per

Referat: Knut Myking

Agenda:

- Hallingspretten Del 1:
 - Sluttrapport bygging
 - Skiltplan
 - Vedlikeholdsplan
- Hallingspretten Del 2:
 - Presentasjon av konseptplan
 - Drøfte vidare prosess
- Rota Del 1:
 - Presentere revidert konseptplan
 - Grunneieravtaler signert
 - Finansiering & bygging 2022
- Sponsorpakker
- Div

Referat

1. Hallingspretten

- Knut og Torleiv gjennomgjekk sluttrapport DNB, som er sendt inn og godkjent. Ny søknad er sendt inn til sparebankstiftelsen DNB for delfinansiering Rota del 1. Svar er forventet medio februar 2022.
- Skiltplan – Torleiv samarbeider med Lars i Tråkk N Roll. Planlegg skilting av løype og skilting av tilkomst. Standardiserte skilt i tråd med resten av Hallingdal. 10-15 skilt krevs for tilkomst. Finansieres mest sannsynling gjennom friluftslivsmidler i kommunen. Dette bestillast før jul. Regionale infotavle er utarbeid for retningslinjer og sykkeltips for nybegynnere. Frå styret kom det innspill om skilting frå Ferieparken og Ål sentrum. Det kom også innspill om turtips på Ål 52. Turhefte som Ål utvikling står for. Torleiv jobber vidare med skiltplan ++ og får med Ål utvikling i det vidare arbeidet

2. Hallingspretten Del 2

- Gjennomgang av revidert konseptskisse del 2 frå Eirik og Knut. Denne har Duane Butcher jobba vidare med i haust og me er tilfreds med det endeleg resultatet for vidare arbeid. Opplysningsvesenets fond er den helt sentrale grunneigaren som gir premisset for vidare utvikling, deretter er det private grunneigarar i Ål som er heilt sentrale for vidare realisering. Grunneierprosesser vil pågå i 2023.

3. Rota Del 1

- Revidert konseptplan har prioritert avslutning i Kittilsvegen. Dette gir ca 1,5 km med raudgradert flytsti. Signerte grunneier-avtaler med dei tre berørte private grunneigarane er på plass. Ål stibyggerlag har bedt om tilbud frå Trailhead Nesbyen, Stitekniikk og Rekkje stiutvikling. Noko finansiering er allerede på plass frå Sparebanke1stiftelsen Hallingdal, i tillegg kjem årleg støtte fra Ål kommune. Stibyggerlaget har også levert søknad sparebankstiftelsen DNB + spillemiddelsøknad. Etter noko drøfting gav styret tilsagn til vidare kontraktinngåing med Trailhead Nesbyen. Eirik, Torleiv og Knut jobber vidare med dette.

4. Sponsorpakker.

- Magnus har begynt å utvikle sponsorstrategi. Inspirasjon frå Hallingspranget og andre prosjekt i inn og utland. Andelsbrev er ein god ide. Me kan skille mellom bedrifter og private bidragyttere. Profilerings på rides.no og fysisk profilering kring sykkelstier og sentrum. Vipps fra private bidragsyttere. Svein hadde innspill fra Liatoppen ref lyktestolper. Me må identifisere behov for sponsorkroner i vidare budsjettarbeid. Magnus skissere opp eit konkret utkast til neste styremøte

5. Div: Drift og vedlikehold av Hallingdal sykkelpark. Ål utvikling er skuffa over vedlikeholdet av Hallingdal sykkelpark i år. Knut er i dialog med Kristian Holm om vidare dialog rundt dette. Julehelsing til grunneiere. Knut fikser dette før jul

Nytt styremøte blir jan/februar 2022.